

Kontrollkomiteen si beretning

Kontrollkomiteen sine oppgaver og arbeid:

Kontrollkomiteen sine oppgaver etter NIF si lov § 2-12 er å føre tilsyn med KFUM Volda Volleyball (laget) sin økonomi.

Kontrollkomiteen skal sjå til at laget sine midlar er nytta i samsvar med lover, vedtak, bevilgningar og økonomiske rammer, samt at gjennomførte økonomiske disposisjonar er i samsvar med laget si lov og vedtak fatta av årsmøtet. Kontrollkomiteen skal vidare forsikre seg om at laget sin interne økonomiske kontroll er hensiktsmessig og forsvarleg.

Kontrollkomiteen skal sjå til at rekneskapsførselen er påliteleg og at årsrekneskap og rapportar gir eit korrekt uttrykk for laget si drift og finansielle stilling. Kontrollkomiteen skal ved gjennomgang av rekneskapen vurdere laget si finansielle stilling, forvaltning og drift.

Kontrollkomiteen sin merknad til rekneskapen.

Vi har gjennomgått rekneskap, protokollar, samt andre dokument vi har meint det er nødvendig å gjennomgå. Kontrollkomiteen har fått alle opplysningar som vi har bedt om frå laget si leiing. Styret sitt framlegg til årsmelding for 2019 og den styrehandsama årsrekneskapen for 2019 er gjennomgått.

Det materialet vi har fått lagt fram gjev ikkje grunnlag til merknader ut over det som går av denne beretninga og styret sine eigne påpeikingar slik det går fram av styret si årsmelding. Vi syner då m.a. styret si vurdering av forsvarleg avvik frå årsmøtevedtak knytt til avsetting til dekking av framtidig husleige i Volda Campus Arena.

Kontrollkomiteen har ingen merknader til den framlagde rekneskapen.

Kontrollkomiteen tilrår at styrets si årsmelding og laget sin årsrekneskap for 2019 vert godkjent av årsmøtet.

Kontrollkomiteen si vurdering av laget si finansielle stilling, forvaltning og drift.

Kontrollkomiteen har merka seg at et ikkje er teikna lovpålagt s.k. underslagsforsikring knytt til laget sine bankkontoar, jf. krav i NIF si lov § 2-11 (4). Vi anbefaler at styret følgjer opp dette.

Ut over dette har ikkje kontrollkomiteen merknader knytt til laget si finansielle stilling, forvaltning og drift.

Konklusjon

Kontrollkomiteen vil tilrå at årsmøtet sluttar seg til dei vurderingane som kjem fram over, og vil nytte høvet til gje ros til den framifrå innsatsen som løpande er utført som frivillig innsats frå laget sitt styre, leiing, trenarar, øvrige tillitsvalgte, entusiastar og medlemar.

Volda. 10. mars 2020

Kristian Vigdel Kolnes
elektronisk sign.

Eiliv Halkjelsvik
elektronisk sign.